



KRASJA: Inni denne bilen sit to personar fast.

Spektakulært og skremmende bilshow

Ein bil small rett i asfalten frå 30 meters høgd, det svarar til ein frontkollisjon på 80 km/t, og her fekk ein verkeleg sjå kor store krefter som er i sving og kor liten og sårbar ein er.

Dette var utgangspunktet for eit velregissert drama som utspann seg på skuleplassen utanfor ungdomsskulen på Dale laurdag, med eit publikum på fleire hundre samla.

– Dette er eit ledd i kommunen sitt arbeid med trafikksikring, og her fekk me verkeleg visualisert kreftene når farten er høg, fortel kommuneplanleggjar Gjertrud Karevoll, som var sentral under seansen.

Sikra skadestaden

Etter at personbilen hadde deisa i bakken, gjekk merksemda over på ein annan bil som stod midt på skuleplassen. Som Ingrid Espelid hadde dei «fuska litt», og sleppt ein annan bil litt tidlegare på dagen, og i denne sat det markørar.

Først kom ein bil køyrande inn «på scena» med nokre ungdommar i. Dei fann fort ut kva som hadde skjedd, og viste korleis ein skal sikra seg sjølv med vestar, setja ut varsel trekant, melda frå og så sjå til dei som er i bilen.

Ambulanse og brannfolk

Etter kort tid kom ambulanse-

folka, så kom brannvernet og som tredje instans politiet. Alle hadde sine gjeremål og alt gjekk føre seg så kjapt og drilla slik berre desse folka kan.

Etter kort tid vart det slege fast at den eine i bilen var omkomen, han vart lagt ut på asfalten og fekk eit teppe over seg.

Brannvesenet klipte opp bilen for å få den andre personen ut. Han vart teken hand om og sendt av garde med ambulansen.

Likbilen til slutt

Til slutt kom likbilen inn på plassen, dei to i denne bilen tok kvite frakkar på, henta ein likpose og pakka den omkomne inn i. Så trilla dei den døde inn

i likbilen som køyrde stille bort. Og stille var det også mellom store og små som såg på – då den svarte bilen med kross på taket gleid ut mellom alle som hadde stilt seg opp.

Har ingen å mista

Til slutt var det samling i gymnsalen der dei ulike etatane som hadde vore i aksjon fekk koma til orde.

– Me har ingen å mista, me er redde og urolege for kva som møter oss når me vert kalla ut på redningsoppdrag i området. Alt for ofte er utfallet det aller verste, var meldinga frå redningsetatane.

Til slutt snakka soknepresten,

også hans melding var like klar: ta vare på kvarandre, meld frå så snart de ser og veit at noko er på gang.

Kanskje ikkje å undrast over at fleire unge på fyrste benk sat med tårer i augo. Det er ikkje lenge sidan to døydde i trafikken på E16, i fjor omkom to unge frå området vårt.

God respons

– For oss er det viktig å visa kva som kan skje når farten er stor og ulukka er ute. Det er også viktig å visa kva som verkeleg skjer på ein skadestad. Vonleg tek både små og store dette innover seg, seier kommuneplanleggjar Karevoll.

Mange trur vel at ulucker ikkje råkar meg. Men, slik er det diverre ikkje.

– Eg har berre fått gode tilbakemeldingar, og vonleg fører det til at me alle tenkjer oss om litt ekstra når me set oss i bilen og gjev oss ut på vegen, seier Karevoll.

JAN-EGIL DYVIK | tekst og foto
jed@avisa-hordaland.no

– Trudde ikkje det skulle verta så store skadar

VAKSDAL: – Eg vart overraska over mange ting, men kanskje alle mest over kor store skadar bilen hadde fått etter møtet med bakken, seier Julie Ulveseth (16).

Julie går fyrste året på vidaregåande i Arna, og er ein av fleire unge som kom og såg på då bilen fall ned og redningsmannskapa tok seg av dei som sat i bilen.

Trur det nyttar

– Eg synest det er svært bra at dei viser slikt som dette, det var svært spesielt og her fekk me sjå korleis det verkeleg kan vera, seier ho.

– Det var ekkelt å sjå skada personar, og ikkje minst å sjå at likbilen kom og henta ut den som hadde omkomne.

– Eg trur nok dette hjelper, og det var nok ein vekkjar for mange, trur Julie.

Realistisk

Seansen på skuleplassen var ikkje teori og peikefinger om å passa farten og vera varsam i trafikken.

– Her kom realitetane fram, og det gjer sjølv sagt eit heilt anna inntrykk, seier ho.

Under debriefinga i gymnsalen etterpå, var det fleire på fyrste

rad som tok innlegga tungt, og nokre tok også til tårene.

– Eg snakka med ei av dei, som det gjekk tungt inn på. Dette gjekk inn på fleire, då, det kvervla nok opp ein del vonde minne om dei tragiske ulukkene i fjor, seier Julie.

Då var det mange som i lokalmiljøet som mista ein kamerat, og slik set sjølv sagt spor som vert verande.

– Utruleg bra opplegg

– Eit utruleg bra opplegg, her får me sjå kva som skjer når ein frontkolliderer i 80 km/t, Og så får me sjå kva jobb politiet, am-

bulansen, brannvesenet og dei som tek seg av dei omkomne når dei rykkjer ut til ein skadestad, seier Lars Helle Fauske.

– Det er jo ikkje ofte me får sjå kva som vert gjort når ein rykkjer ut, og sjølv om det ikkje var direkte moro, så var det både lærerikt og ei oppleving til ettertanke, seier Fauske.

JAN-EGIL DYVIK | tekst og foto
jed@avisa-hordaland.no